

Eks 6

FISKERIDIREKTORATET
HOVEDBIBLIOTEKET




5 MAI 1989

Rapporter og meldinger

NR. 2/89

LØNNSEMDSGRANSKING FOR
MATFISKANLEGG 1987

FISKERIDIREKTORATET



FORORD

Fiskeridirektoratet legg med dette fram resultatet frå si lønsemdsgransking for matfiskanlegg 1987. Tilsvarende granskingar er gjort sida 1982, men opplegget er ein del endra frå og med 1985-granskinga.

Dagleg leiar for 1987-granskinga var konsulent Annhild Kjellevoid som assistert av kontorfullmektig Merete Fauske har utarbeidd denne meldinga.

Bergen i mars 1989

Viggo Jan Olsen

Gunnar Nybø

INNHALD

	Side
A. Innleiing	3
B. Samandrag	5
C. Resultatanalyse - heile landet	8
1. Kort om utvikling og omfang av næringa	8
2. Produksjon, sal og inntekt	9
3. Kostnadsutvikling	10
4. Lønsemda	13
5. Likviditet og soliditet	14
6. Ulik storleik på anlegga	14
7. "Billigprodusentane"	15
D. Resultatanalyse - fylkevise kommentarar	16
1. Troms og Finnmark	16
2. Nordland	17
3. Nord-Trøndelag	17
4. Sør-Trøndelag	18
5. Møre og Romsdal	19
6. Sogn og Fjordane	19
7. Hordaland	20
8. Rogaland med Skagerakkysten	20
E. Tabellverk	21
Resultat: Heile landet under eitt	22
Resultat: Dei einskilde fylka (Finnmark - Rogaland/ Skagerakkysten)	26
Resultat: Etter storleik på anlegga	51
Resultat: Dei 15 beste anlegga ("Billigprodusentane")	64
F. Eit oversyn over endringar samanlikna med tidlegare granskingar.	68
G. Definisjonar	69
H. Summary in English	78
Vedlegg - skjema	

TABELL INNHOLD

	Side
Heile landet under eitt	22
Fylka	
Finnmark og Troms	27-29
Nordland	30-32
Nord-Trøndelag	33-35
Sør-Trøndelag	36-38
Møre og Romsdal	39-41
Sogn og Fjordane	42-44
Hordaland	45-47
Rogaland og Skagerakkysten	48-50
Storleiksgrupper	
0 - 4999 m ³	52-54
5000 - 6999 m ³	55-57
7000 - 8999 m ³	58-60
over 9000 m ³	61-63
"Billigprodusentane"	64-67

A. INNLEIING

Fiskeridirektoratet har for kvart av åra 1982-1987 utført lønsemndsgranskningar av matfiskanlegg (fiskeoppdrettsanlegg). Heimel for innhenting av naudsynte grunnlagsdata var gitt i Lov av 10. mai 1981 om bygging m.v. av anlegg for klekking av rogn og for oppdrett av fisk og skalldyr. Denne lova vart 14. juni 1985 erstatta av Lov om oppdrett av fisk, skalldyr m.v.

Sidan 1976 har Fiskeridirektoratet også stått for innsamling og revisjon av data for den oppdrettsstatistikken som Statistisk Sentralbyrå gir ut årleg. Fiskeridirektoratet tar ein del av datamaterialet til granskninga frå denne statistikken, men i tillegg må ein hente inn andre data særskilt frå oppdrettarane. Ein ber dei då fylle ut for Fiskeridirektoratet eit lønsemdsskjema og sende med ein kopi av årsrekneskapen. Vedlagt denne meldinga er statistikk- og lønsemdsskjema nytta i 1987.

Det vart i februar 1988 sendt ut lønsemdsskjema til 361 oppdrettarar. Dei var med få unntak utvalde blant eigarane av dei 585 anlegga som etter oppdrettsstatistikken hadde levert laks og aure til slakt i 1987. Svarprosenten har vore høg, men av ulike årsaker har ein ikkje kunne nytta alle retunerte skjema. Etter grundig gjennomgang sto ein att med 240 anlegg som er med i årets granskning. I følgje oppdrettsstatistikken for 1987 vart det som nemnd over levert laks og aure til slakt frå i alt 585 anlegg. Ein har såleis ein representasjon på 41 prosent, noko Fiskeridirektoratet er relativt godt nøgd med.

Lesaren vil i samandraget i kapittel B finne hovedresultata frå denne granskninga, og dei viktigaste konklusjonane ein kan trekkje på bakgrunn av det handsama talmaterialet.

I analysen i kapittel C og D prøver ein å gjere presentasjonen breiare, samstundes som ein vil prøve å forklare bakgrunnen for den utviklinga og dei variasjonane som kjem fram.

Ein presenterer også, i kapittel E, eit omfemnande tabellverk med tilhøyrande variabelforklaringar i kapittel F for dei som ynskjer eit detaljert bilete.

Resultata for 1987 er lagt fram saman med tilsvarende tal frå 1985 og 1986. Resultater frå alle dei 3 åra er rekna ut etter same metode og er difor med eit mindre unntak (gjeld eigenkapital, sjå neste side) heilt samanliknbare. På grunn av metodeendringar i 1987 har dette ført med seg at tal frå 1985 og 1986 i denne meldinga ikkje er dei same som er publisert i tidlegare melding frå 1985-86. Ulikheitane i metode er vist i kapittel F.

Ein vonar at ein samla presentasjon av utviklinga i denne 3-årsperioden kan vere meir informativ enn 1987-tala sett separat.

I tabellverket presenterer ein først resultatet for heile landet sett samla. Deretter ser ein på resultatet i dei ulike geografiske regionane, for ulike storleiksgrupper av anlegg og til slutt tek ein for seg gjennomsnittresultat for dei 15 anlegga som i 1987 hadde dei lågaste kostnader pr. kg produsert fisk (24 kr eller lågare). For kvar gruppe av anlegg er det 5 ulike tabellar:

I tabell 1 ser ein resultatet for det gjennomsnittanlegget, med oversikt over inntekter og kostnader i perioden.

Tabell 2 viser balansen (eigedom- og kapital tilhøva) pr. 31.12. Her må ein merke seg at definisjonen av egenkapital var noko annleis i 1985 enn seinare år. Dette året vart betinga skattefrie avsetnader med nokre unntak inkludert i egenkapitalen, medan ein i 1986 og 1987 har hatt dei som eigen post. I vurderinga av egenkapitaldelen og egenkapitalrentabilitet, vert alle åra 1985-87, 60 prosent av dei betinga skattefrie avsetnadene rekna som egenkapital og dei siste 40 prosent som langsiktig gjeld.

Tabell 3 viser ein del nøkkeltal for rentabilitet, likviditet og soliditet for det gjennomsnittlege anlegget. Nøkkeltala for alle 3 åra er her rekna ut direkte på grunnlag av framkomne tal i tabell 1 og 2. Nøkkeltal publiserte tidlegare år har vore eit gjennomsnitt av nøkkeltal rekna ut for kvart einskilt anlegg. Dei tala ein presenterer her for perioden 1985-1987 er alle rekna ut for det gjennomsnittlege anlegget, det vil seie på basis av tabellane 1 og 2. Tala for 1985 og 1986 i denne meldinga vil difor ikkje samsvare med nøkkeltal frå desse granskingane som er publisert tidligare, i egne pressemeldingar og rapportar.

Tabell 4 syner sal og produksjon, kapasitet og fleire produktivitetsmål, dessutan andre lønsemåsmål som lønsevne og reint overskot.

Tabell 5 syner kostnader pr. kg produsert fisk for dei ulike kostnandsartane smolt, for, løn, osv.

B. SAMANDRAG

I dette samandraget vil ein presentere dei viktigaste resultatane frå lønsemdsgranskinga av norske matfiskanlegg 1987. Eit samandrag av førebels resultat er tidlegare offentleggjort i eiga pressemelding 14.10.87. Seinare er utvalet for 1987 utvida med 33 anlegg. Dette saman med visse mindre opprettingar gjer at 1987-tala som vart presenterte her, ikkje er identiske med tala for 1987 som vart lagt fram i nemnde pressemelding.

Hovedkonklusjonane frå lønsemdsgranskinga for matfiskanlegg for 1987 er fylgjane:

- Trass i berre ubetydeleg oppgang i omsett kvantum laks og regnbogaure frå 1986 til 1987, er det ein klar betring i resultatet for matfiskprodusentane dette året. Det er særleg auken i førstehandsprisane for laks som har medverka til dette, ei auke på 15 prosent frå 1986 til 1987. Dessutan har dei totale gjennomsnittkostnadene gått litt ned.
- Avkastninga av totalkapitalen (totalrentabilitet) auka frå 11.0 prosent i 1986 til 15.7 prosent i 1987.
- Gjennomsnittleg lønsevne pr. årsverk auka frå kr 145 555 i 1986 til kr 312 126 i 1987.
- Både likviditet og soliditet vart betre i 1987 samanlikna med 1986.
- Kostnader pr. kg produsert fisk gjekk ned frå kr 40.79 i 1986 til kr 37.89 i 1987.
- Som i 1986 finn ein dei beste resultatane på Sør-Vestlandet medan Troms/Finnmark og Trøndelagsfylka ligg under gjennomsnittet, trass i framgang i høve til 1986.
- Anlegga med utnyttta kapasitet på 7000-8999 m³ hadde i gjennomsnitt betre resultat og produserte fisken billigare enn anlegga i andre storleiksgrupper.

Granskinga for 1987 byggjer på innsendte data frå eit utval på 242 av ialt 585 anlegg med produksjon og sal. Tala er aritmetiske gjennomsnitt basert på alle anlegg i utvalet sett under eitt. I tillegg vart tilsvarende utrekningar gjort for geografiske undergrupper, ulike grupper etter anleggsstorleik og for gruppen av anlegg som produserte billigast i 1987.

Tabellen nedanfor syner ein del hovudresultat i gjennomsnitt pr. anlegg, basert på heile utvalsmengda. Tilsvarende tal for 1985 og 1986 er tatt med for samanlikning.

	1985	1986	1987
Driftsinntekter (kr)	2 905 159	3 438 885	3 844 906
Driftskostnader (kr)	2 009 306	2 971 834	2 915 794
Driftsresultat (kr)	895 853	467 050	929 111
Resultat før ekstraordinære poster (kr)	677 035	140 542	562 846
Reint overskot (kr)	469 482	- 49 345	273 350
Lønsevne pr. årsverk (kr)	290 754	145 555	312 126
Sal (kg)	66 127	89 053	92 878
Produksjon (kg)	91 794	94 069	115 729
Prod. pr. m ² (kg)	15.1	14.2	15.8
Prod. pr. årsverk (kg)	29 611	29 397	42 863
Talet på årsverk	3.1	3.2	2.7

Resultat før ekstraordinære poster er driftsresultatet tillagt renteinntekter og fråtrekt rentekostnader.

Verdien av levande fisk i sjøen er sett til minimumskost, som er produksjonskostnadene så langt. Driftskostnadene vert justerte med endringar i lagerverdien av levande fisk. Driftskostnadene omfemner også ei kalkulatorisk eigarløn for uløna arbeidsinnsats utført av eigar.

Det reine overskotet er differansen mellom totale inntekter og totale kostnader, som er driftsinntekter tillagt renteinntekter og verdien av lagerendringa. De totale kostnader er alle betalte kostnader i perioden pluss postane kalkulert eigarløn, kalkulert rente på eigenkapital og kalkulerte avskrivningar.

Lønsevna er differansen mellom totale inntekter og totale kostnader bortsett frå lønskostnader og kalkulert eigarløn. Lønsevne pr. årsverk er eit sentralt lønsemdsmål i tradisjonell fiske og det kan ha interesse i samanlikna med tilsvarende tal for fiskeoppdrett.

Dei avleide nøkkeltala i tabellen under stadfester betre lønsemd i 1987:

	1985	1986	1987
Totalrentabilitet (%)	19.1	11.0	15.7
Eigenkapitalrentabilitet (%)	32.6	12.9	28.9
Eigenkapitalandel (%)	42.9	21.3	29.0
Kortsiktig gjeld/aktiva (%)	38.5	47.1	41.0
Langsiktig gjeld/aktiva (%)	18.7	31.6	30.0

Kostnader pr. kg produsert fisk. Gjennomsnitt for landet (kroner)

	1985	1986	1987
Smolt/settefiskkostnad	7.83	9.42	8.31
Forkostnad	10.81	11.39	10.22
Forsikringskostnad	1.12	1.64	1.38
Lønskostnad	4.01	5.07	4.60
Kalkulert eigarløn	0.69	0.41	0.32
Andre driftskostnader	3.49	4.93	4.73
Finanskostnader	2.73	4.46	4.26
Kalkulert rente på eigenkapital	2.19	1.93	2.38
Kalkulerte avskrivningar	1.19	1.57	1.69
SUM	34.06	40.79	37.89

Gjennomsnittskostnadene pr. kg produsert fisk vart frå 1986 til 1987 redusert med 7.2 prosent til kr. 37.89. Smoltkostnadene vart redusert med 11.8 prosent.

Fylkesvis utvikling i produksjonskostnader. Kr pr. kg.

	1985	1986	1987
Troms og Finnmark	40.86	70.11	60.79
Nordland	33.48	41.89	43.45
Nord-Trøndelag	38.57	53.82	41.93
Sør-Trøndelag	37.26	56.90	52.00
Møre og Romsdal	35.65	36.43	37.65
Sogn og Fjordane	32.47	41.88	36.02
Hordaland	30.79	32.67	30.14
Rogaland og Skagerakkysten	33.50	26.76	27.64

Hovudinstrykket er i stikkords form kostnadsreduksjon og stabilisering. Dei fylka som låg på kostnadstoppen i 1986, Troms og Finnmark og Trøndelags-fylka, har alle redusert produksjonskostnadene. Desse fylka hadde alle som fylgje av sjukdomsproblem liten produksjon i 1986, med nedbygging av lager. I 1987 har dette biletet snudd seg noko.

Rogaland og Hordaland befestar si stilling som lågkostnadsprodusentar.

I 1987 var det anlegga med utnyttta kapasitet på 7-9000 m³ som i gjennomsnitt produserte billigast, dvs. hadde dei lågaste kostnader pr. kg produsert fisk (kr 36.60). Dei minste (0-5000 m³) og de største anlegga (over 9000 m³) hadde dei høgaste kostnader pr. kg produsert fisk (henholdvis kr 42.97 og kr 42.76). For dei største anlegga var det særleg forkostnadene som var høg, mens det for dei minste anlegga var smolt/settefiskkostnaden som drog kostnadsnivået opp samanlikna med andre storleiksgrupper av anlegg. For dei store anlegga hadde det høge kostnadsnivået samanheng med mye sjukdom i ein del av anlegga. Også totalrentabilitet og lønsevne pr. årsverk var gjennomsnittleg høgast for anlegga med utnyttta kapasitet på 7-9000 m³. Likviditet og soliditet (eigenkapitalandel) var derimot best for dei største anlegga.

C. RESULTATANALYSE - HEILE LANDET

C1. KORT OM UTVIKLING OG OMFANG AV NÆRINGA.

Nedanfor gir ein att ein del statistikk som kan illustrere den vekst og utvikling ein har hatt innan norsk matfiskoppdrett dei siste åra.

	1985	1986	1987
Anlegg med slakt	487	538	585
Slakta rundvekt (tonn)	34 615	49 215	56 204
Førstehandsverdi (mill.kr)	1 433.6	1 665.7	2 114.7
Eksportmengde (tonn) ¹⁾	24 000	38 900	43 200
Eksportverdi (mill.kr)	1 308.3	1 663.7	2 174.4
Utnytta volum (1000 m ³)	3 386	3 959	4 698
Arbeidsinnsats (1000 timar)	2 685	3 603	3 841
Gjennomsnittspris laks ¹⁾ (kr)	44.60	35.70	40.50
Gjennomsnittspris aure ¹⁾ (kr)	27.70	23.70	21.27

¹⁾ Gjeld både fersk og frosen fisk.

²⁾ Fersk, kjølt og frosen vare.

Talet på anlegg med slakt har gått jamt oppover etter kvart som konsesjonar frå dei siste rundane er komne i drift. Utnytta volum har auka endå sterkare, då mange etablerte anlegg fekk løyve til utviding i same tidsrom. Produksjonen, som vaks sterkt først i 80-åra var noko meir stabil i 1986-1987. Det same har skjedd for eksporten, då det er slik at nesten all laksen vert eksportert.

På haustparten 1986 kom det så mykje laks på marknaden at ein fekk eit prisras. Dette syner att i den moderate auken i førstehands- og eksportverdi dette året. Stabil produksjon i 1987 drog prisnivået noko oppover, og prisane var gode resten av året.

02. PRODUKSJON, SAL OG INNTEKT

Resultat for heile landet i gjennomsnitt pr. anlegg. 1985-87.

		1985	1986	1987
Produksjon	kg	91 794	94 069	115 729
Produksjon pr. m ²	kg	15.1	14.2	15.8
Produksjon pr. årsverk	kg	29 611	29 397	42 863
Sal	kg	66 127	89 053	92 878
Salsinntekt	kr	2 819 555	3 091 793	3 541 494
Andre ordinære inntekter	kr	22 978	100 003	80 439
Erstatningar	kr	62 626	247 088	222 973
Driftsinntekter	kr	2 905 159	3 438 885	3 844 906
Renteinntekter	kr	31 852	92 926	127 297

Produsent mengde steig frå 1986 til 1987 med 23 prosent. Arbeidsproduktiviteten - målt ved produksjon pr. årsverk - som var uendra frå 1985 til 1986 gjorde eit kraftig hopp oppover med 45.8 prosent. Den større auken her skuldast nedgang i talet på årsverk frå 3.2 til 2.7.

Omsett kvantum endra seg lite frå 1986, det var ein auke på berre 4.3 prosent. Salsinntekta betra seg med 14.5 prosent, noko som skuldast betre lakseprisar i 1987 enn 1986. Salsinntekt pr. kg uansett fiskeslag var i 1987 kr 38.13 mot kr 34.72 i 1986. (Gjennomsnittsprisen for laks desse åra var kr 40.50 i 1987 og kr 35.20 i 1986.)

Andre ordinære driftsinntekter er ein ubetydeleg post i vår analyse. Dette er fordi vi prøver å skilje bort dei anlegga som driv oppdrett i kombinasjon med anna verksemd, som fiskemottak, butikk, slakteri osv. Desse kombinerte anlegga fører som regel eit felles rekneskap som er ueigna til vårt føremål. I slike anlegg vil nok fordelinga mellom salsinntekt og andre driftsinntekter vere ei heilt anna.

Erstatningsutbetalingane har auka jamt dei siste tre åra og var i 1987 3.56 gonger 1985-utbetalinga. Premien i 1987 var likevel berre 1.55 gonger 1985-nivå.

C3. KOSTNADSUTVIKLING

Utviklinga i pr.kg kostnader. 1985-1987 (kroner).

	1985	1986	1987
Smolt	7.83	9.42	8.31
Før	10.81	11.39	10.22
Forsikring	1.12	1.64	1.38
Løn	4.01	5.07	4.60
Kalk.eigarløn	0.69	0.41	0.32
Andre driftskostnader	3.49	4.93	4.73
Rentekostnader	2.73	4.46	4.26
Kalk. rente på eigenkapitalen	2.19	1.93	2.38
Kalk. avskrivningar (BL)	1.19	1.57	1.69
SUM	34.06	40.72	37.89

Dei totale gjennomsnittskostnadene pr. kg produsert fisk gjekk ned med 7.2 prosent frå 1986 til 1987. Frå 1985 til 1986 steig kostnadene pr. kg med 19.8 prosent, slik at totalendringa frå 1985 til 1987 er ein vekst på 11.2 prosent. Endringane i dei einiskilde kostnadsartane varierer sterkt, og dreg til dels i motsette retningar. Betre oversikt får ein ved å teikne endringane inn i eit indeksdiagram der kostnadene i 1985 = 100. (Se diagram på neste side).


Rentekostnadene er som ein ser i diagrammet den kostnadsarten som har gjort største hoppet oppover sidan 1985. Veksten var 63.4 prosent frå 1985 til 1986, og har i 1987 halde seg på same høge nivå. 1986 var eit år med svært dårlege prisar og negative resultat for mange anlegg i vårt utval. Dette ga likviditetsproblem og stigande gjeldsgrad. Samstundes gjekk rentenivået monaleg opp. Renteoppgangen heldt fram også i 1987. Dette året betra prisane seg ein del, men utan å nå tidligare høgder. Samstundes hadde ein i 1987 ein større produksjonsvekst enn salsvekst. Noko som også vil presse likviditeten. Det er difor på ingen måte unaturleg at rentekostnadene har lege på eit høgt nivå også i 1987. Den konkrete belastninga av rentekostnadene kan ein også få eit inntrykk av ved å sjå dei i høve til driftsinntektene.

Rentekostnader i prosent av driftsinntekter.

	1985	1986	1987
Heile landet	8.6	12.2	12.8
Rogaland og Skagerakkysten	5.8	8.7	9.0
Hordaland	5.6	7.8	7.1
Sogn og Fjordane	8.3	12.2	10.8
Møre og Romsdal	8.8	10.2	10.3
Sør-Trøndelag	7.3	10.6	9.9
Nord-Trøndelag	7.8	6.8	15.2
Nordland	12.5	16.7	20.5
Troms og Finnmark	16.4	38.4	29.1

KOSTNADSENDRINGAR 1985-87

(PR. KG KOSTNADER)



For landet sett under eitt, og for fylka frå Rogaland og nordover til og med Sør-Trøndelag er rentekostnaden i prosent av driftsinntektene relativt stabil frå 1986 til 1987. For Troms og Finnmark ser ein at allereie i 1985 tok rentekostnadene ein stor del av inntektene. I 1986 var dette auka dramatisk. Det som skjedde heilt nord dette året var at eit flertal av anlegga i vårt utval hadde til dels stor tap p.g.a. sjukdom (også fugl-, sel- og småviltsskader) som saman med reduserte prisar gav ein alvorleg inntektssvikt. Trass i at situasjonen var lysare i 1987, vil mange anlegg slite lenge med etterverknadene av svikten i 1986, mellom anna i form av ein svært dårleg likviditet.

Nordland er eit oppdrettsfylke med mange etablerte anlegg og relativt høg produksjon. Sjukdomsproblem dei siste par åra har skapt større behov for lånefinansiering, og rentekostnadene sin del av driftsinntektene har frå 1985 gått opp med 4 prosentpoeng årleg til 20.5 prosent i 1987.

Kostnadsauken i Nord-Trøndelag kan sjå dramatisk ut, men veksten, som skuldast forverra likviditet p.g.a. furunkulose nedslakting begynte i 1986. I 1986 vart det kalkulert med inn i driftsinntekta ein viss del av den erstatningen dei råka anlegg vart til-delt i heradsretten i Namsos.

Kalkulatoriske avskrivningar (BL)

Kalkulerte avskrivningar er ein fast kostnad. Sett i høve til auken i produksjonskvantum burde denne kostnaden difor ha gått ned pr. kg. Arsaka til den motsette utviklinga ligg i dei store anleggsinvesteringane i perioden. Verdien av driftsmidlane har auka med 54 prosent frå 1985 til 1987, medan produksjonen berre har auka med det halve. Investeringane må stort sett ha gått til ei kvalitetsmessig betring av produksjonsutstyret og i avgrensa grad til utvidingar, då utnyttta volum i perioden berre har auka med 11 prosent.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader er ein restpost som består av det som er att når for-, smolt-, løns- og forsikringskostnader er skilt ut som eigne postar. Dette omfemner alt frå reparasjon og vedlikehald, leigd slakting og pakking til reine administrasjonsutgifter som telefon og porto. Det ein kan tenkje seg har ført til veksten kan vere dels auka utgifter til drift og vedlikehald av transportmidlar og anlegg - som ein følgja av auka investeringar her. Det synest også som ein del anlegg har gått over til å leige både produksjonsutstyr og tenester som slakting og pakking. Ellers kan det vere ulike ting som slår ut for dei ulike anlegga. Dette er også ein post som varierer sterkt i betydning frå anlegg til anlegg, avhengig av den produksjonsteknologi den enkelte oppdrettar nyttar.

Forsikring

Gjennomsnittleg utbetalt erstatning til oppdrettarane var i 1987 28 gonger høgare enn innbetalt premie same år. Premien var i 1987 5.2 prosent av beholdinga pr. 31.12.87, i 1986 var tilsvarende tal 6.8 prosent.

Forsikringskostnadene er høgare i 1987 enn i 1985 avdi forsikringsselskapa pga. tap har sett seg nøydde til å auke premien. Nedgangen i forsikringskostnadene frå 1986 til 1987 skuldast sannsynlegvis to ting. For det første får ein ikkje idag så omfattande forsikringar som tidligare pga. at forsikringsselskapa vurderer det som alfor risikofyllt å forsikre mot ein del sjukdomar o.a. For det andre har mange oppdrettarar tatt på seg svært høge eigenandelar, noko som også reduserer premien.

Løn

For lønskostnadene har det vore klar auke i utbetaling pr. årsverk både frå 1985 til 1986 og frå 1986 til 1987, med høvesvis 25.4 og 32.5 prosent. Lønsveksten målt i prosent er i og for seg stor, men ein brutto lønskostnad pr. årsverk på kr 200 000 i 1987 er knapt noko sensasjonelt. Ein kan tenkje seg tre årsaker som kan ligge under lønsveksten. Det første er ein reduksjon av ubetalt eigeninnsats frå 909 timeverk i 1985 til 459 timeverk i 1987. Det andre er ei utskilling frå granskinga av sesongarta arbeid som slakting/pakking, noko som ofte har vore utført av ukvalifisert arbeidskraft med svært låg timebetaling. Det tredje er at få utdanna og erfarne nøkhtarar i høve til behovet vil presse lønsnivået oppover. Ein må vidare hugse at arbeidet kan vere både slitsomt og risikofyllt, og at det er store verdjar som skal forvaltast. Produksjonsverdien pr. årsverk var i 1987 1.6 million kroner, og beholdningsverdien av fisken ved utgangen av året 1.1 millioner kroner pr. årsverk.

Kalkulert rente på eigenkapitalen

Kalkulert rente på eigenkapitalen svingar naturleg nok i takt med eigenkapitalandelen i oppdrettsanlegga. Likevel er rentekostnadene gått opp frå kr 275 315 pr. anlegg i 1987 til kr 201 245 i 1985, medan eigenkapitalen i kroner er omlag like stor dei to åra. Dette skuldast våre utrekningsmåter der negativ og positiv eigenkapital vert summert, slik at faktisk positiv eigenkapital isolert sett er høgare enn det talet som kjem fram i tabellen. Den kalkulerte renta derimot vert rekna ut berre for dei anlegga som har positiv eigenkapital, ellers vert den sett lik 0.

At samsvaret mellom eigenkapital og kalkulert rente var betre i 1985 skuldast at utvalet resultatmessig sett då var langt meir homogent enn det har vore dei siste to åra. Fr. kg kostnaden reflekterer imidlertid den betra soliditeten, og er såleis ein betre indikator enn eigenkapitalandelen i tabell 3.

Smolt

Smoltkostnaden i kr pr. stk utsett har gått kraftig ned i 3-årsperioden 1985 til 1987, og var i 1987 langt under 1985-nivå. Når smoltkostnaden pr. kg likevel ligg høgare skuldast dette den sterke veksten i utsett smolt pr. kubikkmeter ein har hatt i same periode. Generasjonen som vart utsett i 1987 vil gje ei langt høgare slaktevekt lokalt sett, enn dei generasjonane som vart slakta i 1987. Produksjonen heng såleis etter, noko som gir ei overvurdering av smoltkostnaden. Med volumsutvidinga av matfiskanlegg vil denne tendensen vere der også i 1988, men etter som smoltproduksjonen no ventast å stagnere kan 1989 bli eit år med normal smoltkostnad pr. kg. Med normalt meiner ein at utsett mengde er det som skal til for å halde produksjonen på eit stabilt nivå.

Dei regionale differansane i denne kostnadsarten skuldast i 1987 mindre grad regionale skilnader i prisnivå, då dette ser ut til å ha variert betydeleg mindre enn tidlegare år. Det som slår kraftig ut er den regionale variasjonen i tilveksttakten. Dette momentet vil gjere seg gjeldande også ved stabil produksjon, men slår endå sterkare ut ved oppbygging av fiskebeholdningane.

For

For kostnadene er den største einskildposten i kostnadsoversikta, og det slår difor kraftig gjennom at ein har greid å stabilisere forbruket. I og med at den forblanding anlegga i vårt utval nyttar er ukjent for oss, kan lite seiast om effekten av prisendringar. Ein har observert at stadig fleine investerer i automatiske foringsanlegg. Ein ser også reduksjonen i årsverk i samanheng med dette, og vil peike på at mange anlegg kan ha auka forutnyttinga si som følgje av denne omleggingen.

Kalkulert eigarløn

Den sterke reduksjonen her går hand i hand med endringa av selskapsform frå privat næringsdrivande til aksjeselskap, der eigar ofte er tilsett og lønsmottakar i eige selskap.

C4. LØNSEMDA

Det er tidlegare peika på at i 1987 gjekk førstehandsprisen på laks opp og oppdrettskostnaden ned. Begge delar bidrar til den resultatbetringa ein ser i 1987 i høve til 1986.

Gjennomsnittleg løsevne pr. årsverk, auka frå kr 145 555 i 1986 til kr 312 126 i 1987. I motsetning til tidlegare år (1985-86) var løsevnen i 1987 høgare for matfiskanlegg enn for smolt/-settefiskanlegg.

Driftsresultatet dobla seg frå 1986 til 1987, og ga saman med kalkulerte avskrivningar ein driftsmargin på 29 prosent. I topp-

året 1985 var driftsmarginen 34 prosent, men i 1986 var den nede i 18 prosent.

Resultat for ekstraordinære poster (EOP) er firedobla i same periode, frå kr 140 543 til kr 562 846, men det er berre 83 prosent av 1985-resultatet.

Går ein til nøkkeltalsanalysen (tabell 3 i tabellverket) viser den same tendensen seg. 1986 var det året prisane raste nedover og drog alle lønsemdsmål med seg. I 1987 greidde den manglande volum veksten å dra prisane og resultatet oppover att.

C5. LIKVIDITET OG SOLIDITET.

Likviditetsmåla finn ein i tabell 3. Likviditetsgrad 1 og 2 syner høvet mellom kortsiktig gjeld og omløpsmidlar - med og utan beholdninga av levande fisk. Rentedeckningsgraden viser i kva grad det resultatet som er skapt i perioden er i stand til å dekke rentekostnadene.

Det er vanleg å hevde at ei verksemds kontantbeholdning og bankinnskot saman med kundefordringar bør kunne dekke samla kortsiktig gjeld, med andre ord bør likviditetsgrad 2 vere 100 prosent. Her ser ein det er langt att for oppdrettsanlegga, men ein må hugse på at i vekstfasar vil likviditeten alltid verte pressa, fordi salsvolumet og dermed kontantbeholdning og fordringsmasse vil vere på konstant etterskot i høve til produksjon og kapitalbehov.

Rentedeckningsgraden syner eit meir positivt bilete. Den viser at oppdrettsnæringa i gode år som 1987 og endå meir 1985 kunne betale rentekostnadene sine fleire gonger og at næringa også i dårlege år som 1986 klarte å dekke forpliktelsane sine. Men dette er det gjennomsnittlege anlegget. I 1987 var det 58 av anlegga som hadde ein negativ rentedeckningsgrad, og 34 anlegg som klarte å dekke mellom 0 og 100 prosent av finanskostnadene. Dei andre 148 anlegga hadde meir enn 100 prosent dekning.

Som mål på soliditeten brukar ein eigenkapitaldelen. Ein eigenkapitaldel på 29 prosent som i 1987 synest svært bra, med det må understrekast at ei nedskrivning av beholdningsverdien av levande fisk ville radere bort ein del av eigenkapitalen. Nullføring av fisk i sjøen, slik det vert praktisert av nokre anlegg, ville gje ein negativ eigenkapitaldel. Det er altså slik at eigenkapitalen er svært avhengig av korleis ein vurderer verdien av levande fisk i sjøen. Men uansett vurdering er det klart at soliditeten var betre i 1987 enn i 1986.

C6. ULIK STORLEIK PÅ ANLEGGA

I 1987 var det anlegga med utnyttta kapasitet på 7-9000 m³ som i gjennomsnitt produserte billigast, dvs. hadde dei lavaste kost-

nader pr. kg produsert fisk (kr 36,60). Dei minste (0-5000 m³) og dei største anlegga (over 9000 m³) hadde dei høgaste kostnadene pr. kg produsert fisk (henholdsvis kr 42,97 og kr 42,76). For dei største anlegga var det særleg forkostnadene som var høge, medan det for dei minste anlegga var smolt/settefiskkostnader som drog kostnadsnivået opp samanliga med andre storleiksgrupper av anlegg. For dei store anlegga hadde dei høge kostnadsnivået samanheng med mykje sjukdom i ein del av anlegga (4 av dei 9 store anlegga i utvalet ligg i Sør-Trøndelag, eit fylke som hadde mykje sjukdom i anlegga i 1987).

Også gjennomsnittleg lønsevne pr. årsverk og gjennomsnittleg totalrentabilitet pr. anlegg var høgare for anlegg med utnyttta kapasitet på 7-9000 m³ enn for anlegg i andre storleiksgrupper. Likviditet og soliditet (eigenkapitalandel) var derimot best for dei største anlegga (med utnyttta kapasitet på over 9000 m³).

C7. "BILLIGPRODUSENTANE"

Tabellverket inneheld og gjennomsnittstal for 1987 for dei 15 anlegga som i 1987 produserte 1 kg fisk for kr 24,00 eller mindre. Gjennomsnitts kostnad for desse anlegga var på kr 20,81 mot gjennomsnittleg kr 37,89 for alle anlegga i granskinga. Billigprodusentane hadde lavare tal enn landsgjennomsnittet for alle kostnadspostar unntatt for på kalkulatorisk rente på eigenkapital.

Kjenneteikn for "billigprodusentane" er elles stor produksjon pr. m³ og pr. årsverk. Begge var omlag dobbelt så høg som landsgjennomsnittet. Dette tyder på svært låg svinnprosent. Videre har anlegga høg eigenkapital (63 %) samanlikna med landsgjennomsnittet (29 %).

8 av dei 15 "billigprodusentane" hadde kombinert aure/lakseproduksjon medan dei andre 7 var reine lakseprodusentar. Av heile utvalet på 240 anlegg hadde 131 kombinert aure/lakseproduksjon. Dette tyder ikkje på at billigprodusentane hadde ein særleg større aureproduksjon samanlika med landsgjennomsnittet.

Av dei 15 anlegga var 8 frå Hordaland, 4 frå Rogaland og eit frå kvart av fylka Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.

D. RESULTATANALYSE - FYLKESVISE KOMMENTARAR

D.1 TROMS OG FINNMARK - MOT BETRE TIDAR?

Stikkorda for denne regionen var i 1987 stagnerande produksjon, høge kostnader og store underskot.

I 1985 låg anlegga i desse fylka på kostnadstoppen med kr 40.86 pr. kg produsert fisk. Men dette året var gjennomsnittsprisen på laks kr 44.50, slik at dei likevel hadde god inntening. I 1986 fekk ein ei dramatisk forverring med lågare prisar og pr. kg kostnader på kr 70.11. Situasjonen i 1987 er ikkje særleg lysare med tilsvarande kostnader på kr 60.79.

Det spørsmålet ein må stille seg er om det er mogleg på sikt å få kostnadene ned på eit nivå som gjer produksjon lønsam. Den lengre produksjonstida er eit hovedmoment her. I 1987 låg snittvekta ved årskiftet for smolt sett ut det året mellom 0.2 og 0.8 kg. Snittvekta for smolt sett ut i 1986 låg mellom 1.5 og 2.8 kg, med snitt på 1.9 kg. Tilsvarande snittvekter i t.d. Hordaland ligg rundt 1-1.5 kg for smolten og 3-4 kg for større fisk.

Ei produksjonstid på 2.5 - 3 år istaden for 1.5 - 2 år får store følgjer for likviditeten. For det første må ein vente eit år lenger før anlegget får salsinntekter. For det andre får ein ei relativt sett større kapitalbinding i lager av levande fisk i høve til salsinntekt. Utvalet frå Finnmark femner om 13 av dei 20 anlegga som slakta fisk i 1987. Gjennomsnittsalderen på desse var 3.8 år i 1987. Heile 8 av desse anlegga vart etablerte i 1984, og for desse vart 1987 første eller andre år med slakt. I tillegg hadde fleirtalet av utvalet i 1986 problem med sjukdom og og skadedyr som ga svært høgt svinn. Produksjonen pr. m² var det året nede i 7.7 kg, og sjølv om den tok seg opp i 1987 er utnyttinga av arbeidskraft og faste investeringar så låg at det må slå ut på kostnadsnivået.

Utifrå dei svinnprosentane som Statistisk Sentralbyrå har publisert for åra 1986 og 1987 hadde ein i Troms/Finnmark eit svinn pr. generasjon på mellom 30 og 40 prosent. Ein kan ikkje seia om dette høge svinnet skuldast særlege forhold i denne perioden, som t.d. dårleg kvalitet på smolten eller ekstremt låge vinter-temperaturar, men dersom denne tendensen held fram vil det by på alvorlege problem for næringa.

Kan ein gjere noko med den lave veksten og det store svinnet? Gode resultat frå enkeltanlegg allerede i 1987 kan tyde på det. 4 av ialt 27 anlegg i utvalget hadde klart lågare kostnader pr. kg fisk enn landsgjennomsnittet. Eit av anlegga hadde kostnader pr. kg fisk heilt nede på kr 28 (landsgjennomsnittet var kr 38).

Mykje tyder på at betre kvalitet på smolten som i tillegg er vaksinert mot Hitrasykja kan bøte mykje på vanskane. Betre tilpassa tidspunkt for transport og utsetting av smolt og dermed betre utnytting av veksttida om summaren har og vore nemnd som "medisin" mot dårleg lønsemd. Ein har mindre røynsle med fiskeoppdrett i nord enn i sør, og betre røynsle med til dømes hand-saming av fisken i oppdrettsanlegga kan og få innverknad på lønsemnda. Opplysningar frå regionen kan tyde på at situasjonen med omsyn til vekst og sjukdom har betra seg frå 1987 til 1988.

Reint konkret for utvalet har behaldning av laks i 1987 auka med 27.6 prosent i Finnmark til 61 235 individ i gjennomsnitt pr. anlegg ved utgangen av året. I Troms har tilsvarande auke vore på 43.3 prosent til gjennomsnittleg 65 648. Men ein stor del av dette er sett ut i 1987, så behaldninga av eldre fisk er truleg for liten til å gje særleg forrenting av kapitalen i 1988.

Dersom overlevinga er god, kan ein del anlegg få brukbar produksjon i 1989. Om to-tre år burde også kapasitetsutnyttinga vere så høg at kostnadene er vesentleg moderert. Men om resultatet skal bli positivt og lønsemda god er også avhengig av korleis prisnivået utviklar seg.

D2. STAGNASJON I NORDLAND I 1987.

Produksjonen i Nordland har gått ned frå 1986 til 1987, både absolutt, og pr. m³. Frå 1985 til 1987 har ein hatt ein svak auke totalt frå 98 til 101 tonn, men produksjon pr. m³ har i same periode gått ned frå 16.8 til 13.9 kg.

Salet auka sterkt frå 1985 til 1986, for å bli kraftig redusert i 1987. 1987-salet vart ein del amputert på grunn av forsert sal hausten 1986 og mykje Hitra-sykja på etterjulsvinteren 1987.

Trass i at kostnadene her låg på eit heilt anna nivå enn lenger nord, er dei likevel for høge i 1987. Differansen mellom kostnader pr. kg og oppnådd salsinntekt pr. kg var kr 7,- i 1986 og kr 3.96 i 1987. I begge desse åra har ein i gjennomsnitt altså produsert med tap.

Skal ein dømma ut frå veksten i smoltutsettet burde produksjonen i Nordland kunne auke med bortimot 50 prosent i 1988. Dette vil kunne redusere pr. kg kostnader monaleg, og gje anlegga ein sjanse til å vinne inn att den tapte eigenkapitalen.

D3. NORD-TRØNDELAG MOT BETRE TIDAR.

Ein vil her først gjere merksam på at i tabellen for Nord-Trøndelag vil resultat- og lønsemdsmål vise overvurderte til i 1986. Dette avdi det er kalkulert med for høge erstatningsutbetalingar dette året. Produksjonsmål og kostnadsanalyser vart ikkje påverka av dette.

Går ein til tabell 4 i tabellverket, ser ein straks verknadene av furunkuloseåttaket i 1985. Forsert slakting som fylgje av påbod frå veterinærstyresmaktene ga eit kraftig hopp oppover i salskurva i 1986. Produksjonen det året var svært liten på grunn av stort svin, og av di ein berre hadde fisk av 86-generasjonen frå 1. juni. Dette slo vidare ut i redusert sal i 1987, då salet i kg låg på 1985-nivået. Produksjonsauken i 1987 var stor nok til å redusere kostnadene pr. kg kraftig i høve til 1986, med nesten 12 kr. 6 av desse kronene er reduserte smoltkostnader. Dei ekstremt høge smoltkostnadene i 1986 skuldast forhold tilsvarande Finnmarkstilfellet, der beholdninga av fisk består av hovedsakleg siste års smoltutsett. Dette gir ei låg snittvekt på fisken slik at smoltkostnadene (og andre faste kostnader) pr. kg vert høge. Den einaste kostnadsarten som aukar, er finanskostnadene. Langtidseffekten av furunkuloseutbrotet i 1985, var altså høgare gjeldsandel og større finanskostnader i 1987.

Det generelle biletet er i alle høve positivt for Nord-Trøndelag. Utnyttingsgrad og produksjon syner kraftig auke, og arbeidsproduktiviteten er dobla, kostnadene er i vesentleggrad redusert i høve til 1986.

D4. SØR-TRØNDELAG - SJUKDOMSPROBLEM SKAPTE VANSKAR OGSA I 1987.

Hovudtyngda av matfiskanlegga i fylket ligg i kommunane Hitra og Frøya, og slik er det også i utvalet. Dette er eit område der sjukdomsproblema har vore store dei siste åra. Diverre har ein statistisk opplysningar om svinprosent berre frå dei to siste åra (1986 og 1987). I dette materialet finn ein fylgjande urovekkande tal for laks.

	Svinprosenten	
	1986	1987
Laks utsett same år	39.7	8.7
Laks utsett tidlegare år	18.5	30.8
Samla svinprosent	29.1	17.8

Denne tabellen indikerer at svinnet i 86-generasjonen av laks frå han vart utsett og til årsskiftet 87/88 var på nærare 60 prosent. Dette slår klart gjennom i kostnadsanalysane. Produksjonen var i 1987 heilt nede i 8.8 kg pr. m³. 1985-nivå ville tilseie ein produksjon pr. anlegg på vel 101 tonn, som igjen ville senke faste kostnader pr. kg. For postane andre driftskostnader og kalkulerte avskrivinger ville reduksjonen i så fall bli på kr 3.70 pr. kg.

I følgje 1987-statistikken var det ved årskiftet 87/88 5.5 laks av 87-generasjonen for kvar fisk av eldre årgang. Her skulle altså kunne bli betre kapasitetsutnytting på litt sikt. Dette er sjølvsagt avhengig av svinnprosentane dei næraste åra. Svinnprosenten i 1987 for laks som vart utsett det året var gledeleg låg, og under nivået i fylka nordafor.

Dette skuldast sannsynlegvis den forsøksvaksineringa mot Hitra-sykje som vart utført på det meste av den smolten som vart sett i sjøen i 1987.

Den smolten som vart sett i sjøen i 1988 skulle vere tilfredsstillande vaksinert, så ein bør kunne vente seg god overlevning også for den.

D5. MØRE OG ROMSDAL - STABIL, MEN BESKJEDEN INNTENING.

I dette fylket har både sal, produksjon og produktivitet vist ein jamn auke i treårsperioden. På den andre sida har produksjonskostnadene stige i same tidsrom med to kroner pr. kg (5.6 prosent). Til saman har dette gitt ein forbausande stabil, men ikkje spesielt høg, rentabilitet i perioden.

Bak dette biletet er det store variasjonar innan fylket, mellom regionar og einskildanlegg, og for same anlegg svingar resultatet svært mykje frå år til år. I sum for det gjennomsnittlege anlegget er ikkje resultatet direkte dårleg, men marginane er små.

Direkte salsinntekt pr. kg selt fisk var i 1987 kr 35.98, som er lågare enn kostnaden. Når ein legg til andre driftsinntekter, erstatningar og finansinntekter vert totalinntekt pr. selt kg kr 40.10. Det er altså desse siste postane som skaper ei positiv inntening. Det same var tilfellet i 1986, men i 1985 var prisane så høge at salsinntekta pr. kg låg fire kroner over pr. kg kostnader. Ser ein framover er det liten grunn til å vente seg stigande prisar på oppdrettsfisken. Stigande produksjonskostnader er difor ein uheldig trend som treng snuast.

D6. SOGN OG FJORDANE - NY OPPGANG I 1987.

Som i resten av landet merka oppdrettarane i Sogn og Fjordane prisnedgangen i 1986. I tillegg gjekk kostnadene same året opp med 29.0 prosent til kr 41.88 pr. kg produsert fisk. Dette ga ein svært dårleg rentabilitet i 1986, samt reduksjon av eigenkapitaldel og forverra likviditet.

I 1987 var det ein sterk vekst i både produksjon og sal, og utnytting av kapasitet og arbeidskraft var mykje høgare enn i 1986. Dette slår ut på kostnadene, der ein for alle artar finn ein reduksjon i høve til 1986. Smolt- og forkostnadene har gått mest ned.

Totale produksjonskostnader pr. kg var i 1987 kr 36.02, medan salsinntekt pr. selt kg var kr 36.06. Her er altså ingen ekstra margin å gå på. Dette ser var att i nøkkeltaistabelen. Sjølv om innteninga og rentabiliteten er gått kraftig opp frå 1986 til 1987, er betringa i eigenkapitaldel marginal, og likviditeten er like stram som i 1986.

D7. BUNNSOLIDE HORDALAND.

Tabelloversikta for Hordaland gir eit eintydig positivt bilete av oppdrettsnøringa i fylket. Sal og produksjon har vakse jamt i perioden, produksjonskostnadene pr. kg var i 1987 lågare enn i både 1985 og 1986. Særleg må ein merke seg reduksjonen i dei variable kostnadene for og løn. Den einaste kostnadsarten som viser noko stigning er kalkulert rente på eigenkapitalen, og dette heng sjølv sagt saman med at verdien av eigenkapitalen er nær dobla sidan 1986.

Også oppdrettarane i Hordaland opplevde i 1987 dårlegare resultat på grunn av prisleilet. Men også i det året var totalrentabiliteten heilt oppe i 18.6 prosent. Med ein eigenkapitaldel på 50 prosent pr. 31.12.1987 og ein totalkostnad pr. produsert kg på kr 30.14, skulle oppdrettsnøringa i dette fylket vere i stand til å tåle påkjønningar.

D8. BILLIGPRODUSENTEN ROGALAND.

Oppdrettsnøringa i Rogaland har hatt ein eksplosiv vekst siste treårsperiode, skal døme ut i fra våre resultat. Tala frå totalstatistikken stadfester dette inntrykket. Totalt slakta kvantum har i Rogaland auka med 158 prosent frå 1985 til 1986. Til samanlikning har auken på landsbasis vore 66 prosent i same tidsrom.

Kostnadsnivået i Rogaland er det lågaste i landet, og resultatata er også gode. På den andre sida har anlegga i utvalet - og generelt i Rogaland - ein stor andel av auro i produksjonen, og dette gjer at gjennomsnittleg salspris pr. kg vert lågare enn i andre fylke. I 1987 var denne kr 32.09 i Rogaland, medan tilsvarande tal for Hordaland var kr 38.51. Ser ein kostnadene i samanheng med oppnådd salspris, finn ein at differansen pr. kg er kr 4.45 i Rogaland, men heile 8.37 i Hordaland. Dette forklarar at rentabiliteten - og andre lønsemdsmål - ikkje er høgare, trass dei låge kostnadene.

Ein kan imidlertid ikkje seie anna enn at lønsemda i fylket er god, og at utviklinga er positiv.

E. TABELLVERK

Resultatar for 1985 og 1986 er i denne meldinga rekna ut etter den nye metoden frå 1987 og alle åra er difor heilt samanlinbare. Dette har ført med seg at tal fra 1985 og 1986 i denne meldinga ikkje er dei same som er publiserte i tidlegare melding for 1985/1986. Endringa i metode er omtala nærare i kapittel F.

GJENNOMSNIITTSRESULTAT FOR
HEILE LANDET UNDER EITT.

TALET PÅ ANLEGG I UTVALET : 240

TABELL 1
DRIFTSRESULTAT FOR HEILE LANDET
GJENNOMSNITT PR. ANLEGG

TEKST		1985	1986	1987
1. Salsinntekt	kr	2 819 555	3 091 793	3 541 494
2. Andre ord. inntekter	kr	22 978	100 003	80 439
3. Erstatninger	kr	62 626	247 088	222 973
4. DRIFTSINNTEKTER (1+2+3)	kr	2 905 159	3 438 885	3 844 906
5. Smolt/settefiskkostnad	kr	718 319	886 348	961 431
6. Forkostnad	kr	992 438	1 071 132	1 182 781
7. Forsikringskostnad	kr	102 966	154 298	160 102
8. Lønskostnad	kr	368 225	476 608	532 665
9. Kalk. eigarløn	kr	63 630	38 513	36 724
10. Andre driftskostnader	kr	320 453	463 451	547 833
11. Kalk. avskrivninger	kr	102 472	139 735	181 787
12. Beh. endring (+/-)	kr	659 193	258 252	687 529
13. DRIFTSKOSTNADER (sum 5-12)	kr	2 009 306	2 971 834	2 915 794
14. DRIFTSRESULTAT (4-13)	kr	895 853	467 051	929 111
15. Renteinntekt	kr	31 852	92 926	127 297
16. Rentekostnad	kr	250 670	419 434	493 563
17. RESULTAT FØR EOP (14+15-16)	kr	677 035	140 543	562 846

TABELL 2
EIGENDOMS- OG KAPITALSTRUKTUR FOR HEILE LANDET 1985-87.
GJENNOMSNITT PR. ANLEGG

TEKST		1985	1986	1987
18. Kasse/bank	kr	376 405	420 028	586 620
19. Kortsiktige fordringer/ plasseringer	kr	909 166	640 674	855 729
20. Forlager	kr	40 692	43 908	44 905
21. Behaldning av fisk	kr	2 201 648	2 272 949	3 062 003
22. OMLØPSMIDLAR (sum 18-21)	kr	3 527 911	3 377 559	4 549 257
23. Driftsmidler	kr	1 272 051	1 613 245	1 958 369
24. Langsiktige plass.	kr	51 443	104 768	202 850
25. ANLEGGSMIDLAR (23+24)	kr	1 323 494	1 718 013	2 161 219
26. SUM EIGEDLAR (22+25)	kr	4 851 405	5 095 572	6 710 479
27. Leverandørgjeld	kr	314 785	383 686	336 651
28. Kassakreditt	kr	1 157 217	1 559 529	1 566 636
29. Anna kortsiktig gjeld	kr	396 717	455 221	850 216
30. SUM KORTSIKTIG GJELD	kr	1 868 719	2 398 436	2 753 503
31. LANGSIKTIG GJELD	kr	856 203	1 209 302	1 447 442
32. Bet. skattefrie avs.	kr	117 532	1 003 628	1 406 013
33. EIGENKAPITAL	kr	2 008 951	484 206	1 103 521
